



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 19.01.2023

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Heradsstyresalen Kvam rådhus, Norheimsund

Til stades:

Eidfjord kommune:

Ordfører Anders Vatle

Kvam herad:

Ordfører Torgeir Næss

Ullensvang kommune:

Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører

Ulvik herad:

Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Administrasjonen:

Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude L. Rinaldo

Forfall:

Rådmannsforum:

Rådmann Ole-Jørgen Jondahl

#### Agenda:

09.00 - 10.30 Sakshandsaming

10.30 - 11.30 Orientering

11.30 - 12.30 Lunsj

12.30 - 13.30 Orientering

13.30 - 15.00 Sakshandsaming

#### Orienteringar:

**10.30 Jobb der du vil ! Auka bruk av fjernarbeid og moglegheiter for Hardanger !  
v/ Kåre Hansen, forskningsleiar Arbeidsliv og innovasjon, NORCE**

**12.30 HMM Helsehjelp til Ukraina v/Jon Dahl Wigum, Haukeland universitetssjukehus**

#### Saker til handsaming:

**HR-sak 01/23 Meldingar**

##### Saksutgreiing:

Melding 1: Norce: Arbeidssted: Der du vill! Økt bruk av fjernarbeid og muligheter for Hardangerregionen, prosjektbeskrivelse

##### Vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

**HR-sak 02/23 Hardingtinget 2023 16. februar i Ullensvang - Tema/Innleiarar**

##### Vedtak:

Hardingtinget 2023 har desse tema:

##### Bolk 1 :

1. Regional reiselivsplan for Hardanger.  
Status etter prosjekt.  
Vegene vidare.
2. Forvaltning av Hardangerfjorden. Næringsutvikling vs. naturvern.

##### Bolk 2 :

3. Dialog med statsforvaltar Liv Signe Navarsete.

**HR-sak            03/23   Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden  
Oppstart av planarbeid**

**Vedtak:**

Hardangerrådet utarbeider ein ikkje juridisk bindande felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Planen skal vera forankra i PBL §9.1 - 9.7 Interkommunalt plansamarbeid. Oppstart av arbeidet skjer etter kommunevalet 2023.

Regionrådet sender saka over til rådmannsforum for vidare oppfølging mot planavdelingane i medlemskommunane.

**HR-sak            04/23   Regional plan for fornybar energi - Høyringsuttale**

**Vedtak:**

Høyringsuttale vert handsama og vedteken ifm Hardingtinget 16. februar 2023.

**HR-sak            05/23   Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møte**

- Søknad frå Hardanger og Voss museum - felles saksutgreiing. Dette vert teke opp med rådmannsforum
- Rekrutteringsprosjekt: Team Hardanger sjekkar detaljer og status vedr. tilsagn frå Vestland fylkeskommune på søknad frå Næringshagen i Ullensvang. Det må også gjennomførast ei undersøking av næringslivet si interesse for å delta i eit slikt regionalt rekrutteringsprosjekt.

Møteboka godkjent 19.01.2023

Roald Aga Haug  
Rådsordførar